

Preses Olav Fykse Tveit

Preike i Oslo domkyrkje 11.10.2021 i samband med Stortingets opning

Bibeltekst: 1 Joh 3, 16-18

Kjære alle sammen.

«Ikkje med tomme ord, men i gjerning og sanning», heiter det i Bibelteksten vi høyrde.

Det er litt av eit mål for oss alle, uansett kva for posisjon vi måtte ha. Dette er den høge standard for oss. Ikkje fordi at vi ikkje skal kunne kritiserast for å fare med tomme løfter, men fordi dei andre treng meir enn skuffelsen i tomme ord.

På eit møte eg hadde med fredsprisvinnar erkebiskop Desmond Tutu, som fleire gonger har talt her i Oslo domkyrkje, og særleg kjent for si leiarrolle i kampen for eit rettferdig og forsona Sør-Afrika, snakka han om ein dag då han «was proud to be a human being». Det handla ikkje om han sjølv og det han hadde gjort, men det andre hadde gjort. Vi kan spørre oss sjølv: Når gjer vi noko som gjer at andre er stolte av å vere menneske?

Det er tid for eit nytt arbeidsår i Stortinget, ved starten av ein ny valperiode for alle som er betrudd oppgåver på vegne av oss alle. De skal finne den beste vegen inn i ei ukjend og krevande periode for landet og for oss alle. Det er ei tid for å sjå utover vårt norske fellesskap til den eine verda vi lever i på den eine kloden vi har, som forvaltarar av Guds skaparverk. De kjenner nok sjølv på eit ønskje om vise at det ikkje handlar om «tomme ord, men gjerning og sanning».

Vi ønskjer dykk god helse og mykje arbeidsglede. I kyrkjene ber vi kvar sundag om styrke og visdom til dykk og alle andre som skal ha leiaransvar mellom oss.

Den som er folkevald har eit program ein er forplikta på å gjennomføre. Og mange vil sjekke om det var tomme ord eller gjerningar og sanning.

Men det er noko meir det er tale om her, sjølv om det kan verke som noko mindre. For det gjeld oss alle - enten som politikar, eller i det vi har av andre oppgåver i dei nære relasjonar, blant familie og vener, på skule og i arbeid, i lokalmiljø, i ulike sektorar av samfunnslivet. Det handlar om meir enn måloppnåelse vi kan huke av på vårt skjema.

Tekstane frå Bibelen vi har høyrte møter oss alle – med noko meir omfattande og difor endå meir utfordrande: «Lat oss elska, ikkje med tomme ord, men i gjerning og sanning!»

Kjærleiken kan ikkje vere bere tomme ord. Då er det ikkje kjærleik. Det er i dei val og prioriteringar, dei handlingar ein gjer til beste for andre at også dei kjensler vi kan kalle kjærleik viser seg best.

Men har kjærleik noko i politikken å gjere? Er det ikkje for mjukt, for personleg og privat i forhold til dei vanskelege debattar og den offentlege kritikk som eit demokrati skal ha som kjenneteikn?

Det er eit sitat frå polfarer og politikar Fridtjof Nansen, som seier meg mykje i denne samanhengen. Han var også høgkommisær for flyktingar og fredsprisvinnar, og skreiv:

*Jeg synes jeg ser politikerne trekke på skuldrene: Smukke ord har det aldri vært dyrtid på; men hva vi trenger, er real-politikk. Ja, realpolitikk; jeg er også realpolitiker, - av hele mitt sinn, jeg interesserer mig levende og utelukkende for virkelighet. Men ingen realpolitikk i et civilisert samfund er tenkelig uten på grunnlag av nestekjærlighet, - gjensidighet, hjelpsomhet, tillit. ...*

Nestekjærleik som realpolitikk, det var noko Nansen såg somheilt nødvendig. Han sa han ikkje trudde på Gud. Men han peikte på våre felles kristne og humanistiske arv som basis – også for politisk arbeid. Han såg at det var bruk for haldningar som kunne legge grunnlaget

for internasjonal rett og samhandling for menneske som er ramma av krig og hungersnaud, på flukt for livet.

--

Budet om kjærleiken kjem i Bibelen til oss som eit dobbelt bud: Du skal elske Gud, og du skal elske din neste som deg sjølv. Det er ein viktig samanheng. Gudskjærleiken, eller den religiøse tilbedelse og praksis, må alltid testast på det vi gjer for vår neste.

Det er også eit godt grunnlag for sakleg religionskritikk til alle tider. Brukar vi religionen i vår eigne interesser på noko vis, og ikkje for å vise kjærleik til min neste som Gud har skapt og elsker like mykje som meg sjølv?

Men nestekjærleiksbudet står også i samanheng med kjærleiken til Gud, til Gud som har skap alle og alt. Det gjer at vi ikkje kan redusere nestekjærleiken til å ta oss berre av dei næraste og dei som høyrer vår flokk. Det er mellom dei grensene vi set opp for kor langt vårt ansvar gjeld som Jesus utfordra med sin praksis og si lære. Berre tenk på likninga om den miskunnsame samaritanen som braut slike grenser – fordi han ville vise seg som ein neste for den som trengte han.

--

I vår tid får det doble kjærleiksbudet ein tydelegare tredje dimensjon, som er implisitt i dei to andre. Vi må også elske det Gud har skapt, alt Gud har skapt, dersom vi elsker Gud. Og: Korleis kan vi elske vår neste utan å vise det til dei som skal leve her etter oss, på den same kloden, men med store problem som vår generasjon har etterlate seg?

--

Desmond Tutus replikk om å vere stolt av å vere eit menneske, falt i ein spesiell samanheng. Det var i 2017, og han ba meg helse til «tyskarane», som han sa, og seie at den dagen fru Merkel opna grensene for den millionen av flyktningar som sto utanfor grensene, «I was proud to be a human being.»

Eg liette etter anledning til å framføre helsinga. Den kom ein dag eg skulle tale på eit møte for å feire 500 år sidan reformasjonen, eit møte til å skape forsoning mellom katolske og protestantiske leiarar i Tyskland. Då opplevde eg det som nokon av de politkarar opplever litt oftare enn oss predikantar: Ståande trampeklapp. Men det var jo ikkje for meg. På første rad sat nemleg Angela Merkel, og eg trur ho var litt rørt.

--

Det er noko som står på spel i alt det vi foretar oss. Det gjeld kvar og ein av oss. Nansen og Tutu tolkar på kvar sin måte skriftas ord: «La oss elske, men ikkje med tomme ord, men i gjerning og sanning.»

Det største i livet er ikkje at vi skal bli stolte av oss sjølve eller at andre skal bli stolte av oss. Begge deler er jo fint – og riktig på kvar sin måte. Men det handlar om noko meir. Det gjeld det som kan skape ei kjensle av at vi høyrer saman som menneske, som èi menneskeslekt, ja, som menneske som er ein del av naturen vi alle er avhengige av for vårt liv kvar dag. Det handlar om noko som gjer at vi saman vil og kan gjere det beste.

I kjærleik, ikkje i tomme ord, men i gjerning og sanning.

Det er i denne samanhengen Bibelen talar om at vi har ei kjelde til vår kjærleik. Vi elsker, fordi Gud elska oss først.

Ære vere Faderen, Sonen og Den Heilage Ande, vår skapar, frelsar og livgjevar, som var, er og vere skal, ein sann Gud frå æve og til æve.

Amen